



Helse- og omsorgsdepartementet
Kommunetjenesteavdelingen
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200900054-235/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 07. oktober 2011

Fylkeseldrerådet i Hordaland - høyringsuttale til NOU 2011:11 "Innovasjon i omsorg"

Nou 2011:11 er ikkje sendt særskilt til fylkeskommunale eller kommunale eldreråd, men høyringsinstansane vert oppmoda om å legge utgreiinga fram for aktuelle aktørar i saka. Fylkeseldrerådet i Hordaland ynskjer å gi uttale i saka.

Mandatet peikar på at utvalet særleg skulle sjå på ny teknologi, nye buformer, brukarinnflytelse, forskning og utvikling. Fylkeseldrerådet ser på dette dokumentet som ein spanande og klart fornyande innfallsvinkel til debatten om framtidens helse- og omsorgstenester.

KAP. 2 – 2.2.2.: Ein aktiv seniorpolitikk

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samde i at det må utviklast ein ny seniorpolitikk. Samfunnet vil bli sterkt påverka av dei demografiske endringane. Det kan heller ikkje einseitig setjast fokus berre på eldregruppene - den kommunale omsorgstenesta skal dekke livsløpet frå barn og unge til voksne og eldre.

KAP. 4: Innovasjon og omsorg

Omgrepet *innovasjon* er nytt i denne samanhengen, særleg i vurdering av offentlege helsetenester. Ein bør helsa med glede språkleg fornying som trengs i ein moderne velferdsstat.

KAP. 5: Ny samhandling

Hagen-utvalet rår til at ein legg til rette for aktiv deltaking frå pårørande og frivillige. Denne næromsorga må organiserast og setjast i system på ein betre måte enn det vert gjort i dag. Familiane må få invitasjon og må føle seg delaktig i omsorga for pasientane/bebuarane. At pårørande vert dregne inn er i seg sjølv positivt, men det må avtalast klart kva som er frivillig arbeid og kva som ikkje er det. Pårørande må ikkje overta det arbeidet som etter lov er pålagt helsepersonell. Dette er eit vesentleg punkt å avklare – jf. den mangel på arbeidskraft som ein har allereie no.

Kommunane må byggja ut lærings- og meistringssentra. Eit LMS er ein møteplass for pasient, pårørande og helsepersonell. Oppfølging via LMS hindrar også hyppige gjen-innleggelsar.

Vidare bør kommunane også organisera folkehelsearbeidet inn i arbeidet med innovativ omsorg og legge vekt på forebygging. Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påvirka det som fremjar og vedlikeheld befolkningen si helse. Det kan sjåast på som grunnfjellet til samhandlingsreforma, difor må folkehelsearbeidet forankrast lokalt for å bli resultatretta.

KAP. 6: Nye rom


Bustadløysingane for framtidens eldre må viast stor merksemd. Fylkeseldrerådet er samd i at det trengs mange ulike alternativ. Eldre folk er svært ulike, og helsetilstanden deira er også ulik. Mange kommunar byggjer lite eller ingen nye sjukeheimar. Sjølv om det er rett at mange eldre helst vil bu heime lengst mogleg, vil det allikevel bli trong for sjukeheimsplass i den siste del av levetida. Nokon vil kanskje leve lenge med kronisk sjukdom. Det bør også etablerast fleire av såkalla halvannalinje-tenesta - som er eit tilbod mellom sjukehus og sjukeheim.

Omsorgsbustad er nødvendig, men det må ikke komme istadenfor sjukeheimar. Elles må offentleg planlegging legge vekt på livsløpstandard og universell utforming. Det gjeld både innan bustadplanleggjing og arealplanleggjing.


KAP. 7: Ny teknologistøtte

Smarthus-teknologien er teken i bruk, og det vert sagt at det er store kostnader å spare ved å ta i bruk velferdstekniske løysingar. På lenger sikt er det vel tvilsamt om ein kan unngå at slike løysingar tek større plass innan eldreomsorga - mykje av det er truleg berre positivt. Likevel er fylkeseldrerådet uroleg for at dei radikale løysingane - som til dømes robotar i pleie eller smarthus der ein vert overvaka - ikkje bør takast i bruk enno. Den generasjonen som er *gamle* i dag er ikkje fortruleg med slike tekniske løysingar, men det vil vera eit naturleg val ein generasjon eller to fram i tid. Fylkeseldrerådet meiner at ein bør føle seg trygg på at teknologiske løysingar innan pleie og omsorg aldri må erstatta den menneskelege kontakt og omsorg. Bruk av teknologi innan eldreomsorga må difor innførast gradvis.

For Fylkeseldrerådet i Hordaland



Olga Johannessen
-leiar-



Dagmar Reutz Hillestad
-rådgjevar-

Kopi:

Fylkesrådmannen i Hordaland